



Desse vognane må flyttast. meiner fylkesmannen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rabben Feriesenter ved Steinar Myklebust kan ikkje akseptera den endring av reguleringsplanen som er føreslege for område C3 - frå camping til friområde. Endringa vil føre til at åtte faste vognar må flyttast frå beltet mot elva.

Rabben kan heller ikkje godta forslaget frå kommuneadministrasjonen om eit kompromiss som inneber at det kan plasserast vognar i dette området frå 15. april til 15. oktober.

Dei åtte vognane skal etter forslaget flyttast til området F2 som ligg sentralt på campingplassen samstundes som dei aktivitetar som var beregna på friområdet blir flytta til området C1. Dermed må bading gå føre seg i stranda ved Stølavika som bygda har arbeidd opp, påpeikar Myklebust i si uttale. Eigarane av dei åtte vognane har slått gras og rydda. Blir det slutt på dette, vil området gå attende til naturen. Tidlegare var det overflomma av sjøgras.

Arealet blir så redusert og inntektene så små at dei må leggja om drifta til faste heilårs plassar og slutta av campingdrifta, varslar Myklebust. Og då må hyttene leigast ut på åremål eller vekebasis. Myklebust minner om at familien hans har hatt campingplass i området i rundt rekna 45 år og på det aktuelle området har det stått campingvognar i 20 av desse åra med munnleg løyve frå forvaltningskomiteen eller intensjonsavtale mellom ordførar, eigar og nabo Elin Enes.

Eigaren minnar også om at Cirkus Arnardo har fått nytta sentralområdet og denne flotte tradisjonen kan ikkje halda fram om faste vognar skal plasserast der. Arnardo gjer det klart at dei vil ikkje vitja Kvinnherad hvis dei ikkje får vera på Rabben.

Myklebust oppsummerar slik:

- På grunn av byggjeforbod som no har vore gjeldande i fleire år og lovnadar som ikkje er haldne er Rabben Feriesenter så utarma at noko potensiale i campingdrift ikkje er realistisk om C3-arealet må omregulerast til friområde. Til dømes vil tilfeldige campinggjestar verta avviste og kun faste gjestar få plass - med dei ringverknadar dette vil få for bygda.

Av Ola Matti Mathisen